

# Oppfylgning av Gudsrikeprofetiar i vår tid

I den seinare tida har me hatt mange såkalla profetiske samlingar kor Gud har talt på mange måtar om framgang og vekst for Guds rike i landet vårt. I påskekonferansen i Bergen i vår vart desse profetiane stadfesta av ein sterk profeti boren fram av apostelen Keri Jones. Han profeterte om ei stor åndeleg gjestingstid for landet vårt. Han sa at Gud held på å gjera noko stort i landet vårt, noko som kjem til å verta større enn noko anne Gud tidlegare hadde gjort i dette landet.

ERLING THU  
erlinthu@gmail.com

Desse profetiane samsvarer med mange gudsrikeprofetiar i Bibelen. Dette er profetiar som gjev oss grunn til å arbeida for og venta gjennombrøt for Guds ord i samfunnet. Enno ein gong skal Gud senda Ordet sitt til Noregs fjell, så lys over landet strøymmer! Det profetiske folket lever i det profetiske ordet og ventar at det skal oppfyllast i vår tid.

## JESUS: GUDS RIKE ER HER!

Då Jesus tok til med si teneste, starta han med å forkynna at tida var inne og at Guds rike var kome nær.<sup>1</sup> Han sa og at frå Johannes døyparen sine dagar var ein ny tidsalder innleia.

Frå Johannes døyparens dagar og til no trengjer himmelriket seg fram, og dei som trengjer på, riv det til seg. For heilt til Johannes kom, har alle profetane og lova tala om det som skulle henda.<sup>2</sup>

Lova og profetane peikar fram mot den tidsalderen som kom med Johannes døyparen. Før Johannes kom, såg heila Skrifta fram til denne tida. Han var den profetane sa skulle koma for rydda vegen for Herren. Gjennom tenesta si førebudde han folket på vår Herre Jesus Kristus kome og forkynninga hans om at Guds rike er nær i verda.

Jesus sa at folket var klare for bodskapen om Guds rike. Faktisk sa han at når riket vert forkynt, vil alle vera ivrige etter å trengja seg på for å koma inn.

Lova og profetane hadde si tid til Johannes kom. Frå den tid er den gode bodskapen om Guds rike forkynt, og alle trengjer på for å koma inn.<sup>3</sup>

Det Jesus seier skjer, gjennom forkynninga av godt nytt om Guds rike, hadde mange profetar alt profetert om. Dei talte om ei tid då mange nasjonar og

folkegrupper skulle venda seg til Gud og ta imot hans ord som rettesnor for livet deira.

## PROFETANE I GT: GUDS RIKE TAR OVER!

Så seier Herren, Allhærs Gud: Endå ein gong skal det koma folkeslag, ja, folk frå store byar, og folket i den eine byen skal fara til den andre og seia: «Kom, lat oss gå og be Herren om nåde, lat oss søkja Herren, Allhærs Gud! Eg òg vil gå med.» Mange folk og mektige folkeslag skal koma og søkja Herren, Allhærs Gud, i Jerusaleim, og be Herren om nåde.<sup>4</sup>

Profeten Mika talte om ei tid då folk frå heile verda skulle tilbe den einaste sanne Gud. På den tida skulle ein nasjon vil be ein annan nasjon om å verta med dei i å venda seg til Herren og be han om å lære dei vegane sine så dei kunne ferdast på stigane hans.<sup>5</sup> Gud sa gjennom profeten Jesaja at jamvel øyer og strender langt borte venta på hans

01 Mark 1;15  
02 Matt 11;12-13

03 Luk 16;16

04 Sak 8;20-22  
05 Mika 4;1-5  
06 Jes 42;1-7

07 Jes 49;6  
08 Jes 45;22-23

# Jesus sa at folket var klare for budskapet om Guds rike. Faktisk sa han at når riket vert forkynt, vil alle vera ivrige etter å trengja seg på for å koma inn.

lære om Guds rikes rettferd.<sup>6</sup> Med truskap skal Guds tenar føra rettferd ut til heile jorda. Han skal vera eit lys for alle folkeslag og så Guds frelse kan nå til heile den vide jord!<sup>7</sup>

For eg er Gud, og ingen annan. Ved meg sjølv har eg svore, eit sanningsord har gått ut or min munn, eit ord som eg ikkje tek att: For meg skal kvart kne bøya seg, kvar tunge skal sverja meg truskap.<sup>8</sup>

## I DAG: GUDS RIKE BREIER

### SEG UT GJENNOM FOLKET HANS

Det er verdt å merka seg at Det nye testamentet seier at desse profetiane vart oppfylt i Jesus Kristus<sup>9</sup> så vel som i tenesta til Paulus og Barnabas.<sup>10</sup> Vi konkluderer derfor med at vi lever i den tida då desse og andre profetiar om Messias og hans rike skal bli oppfylt. Det betyr at profetiane blei oppfylt når Jesus Kristus kom, og oppfyllinga blir sett ut i livet gjennom Guds folk si teneste.

Då svara Paulus og Barnabas med frimod: “Det var nødvendig at Guds ord først vart forkynt for dykk. Men sidan de viser det frå dykk og ikkje held dykk verdige til det evige livet, så vender vi oss til heidningane. For dette er Herrens bod til oss: Eg har gjort deg til eit lys for folkeslag, så du skal bera frelse til enden av verda.” Då heidningane høyrde det, vart dei glade og prisa Herrens ord, og dei kom til tru, alle dei som var bestemte til evig liv.<sup>11</sup>

Heidningane som høyrde Paulus og Barnabas tok med glede i mot budskapet og Herrens ord breidde seg ut over heile landet. Det verkar som, jamvel om det jødiske folk forherda hjartet sitt og avviste evangeliet om Guds rike, så Guds ord vart oppfylt av andre nasjonar som vende seg til Herren.<sup>12</sup> Vi må forstå at sjølv om nokre menneske vil avvisa den gode budskapet om riket, så finst det folkemengder som ivrig ventar på det!

Paulus gav vanlegvis evangeliet om Guds rike først til jødane. Då dei trudde på Herren Jesus Kristus han vart veldig glad, men når dei ikkje tok imot budskapet, vart han ikkje nedslått, fordi han visste at mengder av andre folkegrupper var klare til å ta imot! Til jødar som budde i Roma sa han:

Så skal de vita at denne Guds frelse er send til heidningane. Og dei kjem til å høyra.<sup>13</sup>

Han gav ikkje rom for motløyse eller kjensle av å ha mislukkast. Han visste at om jødane ikkje tok imot budskapet om Guds rike, så var tida for oppfylling av Gudsrikeprofetiane kome. Guds rike er også tilgjengeleg for dei andre folkeslag slik profetane sa. Det innebar at heidningane kom til å ta imot. Dei kjem til å høyra. Dette er Guds garanti til sine trufaste arbeidrarar: dei kjem til å høyra – kjem til å ta imot!

09 Matt 12;15-21  
10&11 Apg 13;46-48

12 Rom 9;24-33, 11;13-36  
13 Apg 28;28



**DERFOR: GJER DEG  
KLAR TIL INNHAUSTING!**

Som disiplane som gjekk inn i Samaria, oppdagar kanskje vi óg, at folk vi meiner ikkje er interessert, faktisk er hungrige på Gud! Då dei gjekk inn i Samaria gjorde ingen til disiplar, sannsynlegvis fordi dei ikkje prøvde!

Men Jesus fekk kontakt med ei kvinne som han delte evangeliet med. Ikkje berre to ho imot og trudde på Herren, men ho fortalde andre folk i byen om det Jesus hadde fortalt henne, og heile byen kom for å høyra han og kom til tru. Dette er bakgrunnen for desse Herrens ord:

Men Jesus sa til dei: «Min mat er å gjera det han vil, han som sende meg, og fullføra hans verk. Seier de ikkje: Enno er det fire månader til grøda skal haustast inn? Men eg seier dykk: Lyft auga og sjå åkrane, korleis dei kvitnar

mot hausten! Den som haustar, får løn og samlar grøde for det evige livet, så den som sår og den som haustar, kan gleda seg saman. Her gjeld ordet om at 'éin sår og ein annan haustar'. Eg har sendt dykk ut for å hausta det de ikkje har arbeidd med. Andre har arbeidd, og de har gått inn i arbeidet dei har gjort.»<sup>14</sup>

Desse orda er i tråd med hans undervisning andre stader om at hausten er stor, men innhaustingsarbeidarane er få.<sup>15</sup> Det er ingenting galt med hausten! Hausten er klar! Hausten er stor! Problemet er arbeidarane, dei er for få! Alt for mange kristne har vorte lurt av fienden til å tru løgnene hans om at grøda ikkje er klar eller rikeleg.

Det er på tide for oss å slutta å tenkja på den naturlege måten! Me må beg-

ynna å tenkja på Gudsrikemåten! Me må ta det til vårt hjarte at folket er klare for budskapen om Kongeriket. Faktum er, slik Jesus seier, at når Guds rike vert forkynt, vil det vera ivrige folkemengder som vil ta imot og trengja seg inn og riva riket til seg.

Sjå deg omkring! Store åkrar er klare for innhausting. Du har vorte sendt for å hausta der du ikkje har planta. Ein annan har vore på jobben før deg, og du vil samla inn grøda! Han som er herre over grøda garanterer suksess i innhaustinga! Vi treng berre å stola på han, lyda han, og forkynta den gode budskapen om Guds rike for folk og dei vil ta imot! Med profetiske garantiar frå Guds ord i tankane kan me sjå fram til oppfyllingar av gudsrikeprofetiar i vår tid med stort frimod og forventning!

<sup>14</sup> Joh 4;34-38  
<sup>15</sup> Luk 10;1-12